Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Evanger

Emne: Vassbering Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: L. J. Nesheim Gard: Nesheim

(adresse): Eksingedalen G.nr. 34 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Tidlegare og til resten av 1800 åri var alt vatnet båre både til fjøs og husbruk med vass-sele og tre bøtter. Vass-selen kvilte på båe akslen- og var utholka for akslerne med utskåren runding for halsen. Ein slik Vass-sele kvilte godt og lett på akslerne og var fadlig å bera med. Bøtterne var den tid træbøtter og ein heldt ei bøtta i kvar hand likt ut til kvar sida. Vass-selebandi var vidjeband med trækrokar - helst sprekekrokar - So med 1900 åri kom jernbandi med jernkrokar på Vass-selen - og sinkbøtter. Då tykte folk i her, at det kom seg.

2.

Å bera vatn på den måte som punkt 2 nemner om - hev ikkje våret bruka her.

3.

Helder ikkje den måte som punkt 3 nemner - hev våre bruka her.

4.

Å bera vatn - sortera helst under tenestkjenta set arbeid. Ellest so vart det bytte på drengen, mannen sjølv, og stundom på kona med.

801

2

5.

No er det for flestes vedkomande innlagt vannspring. Elles var det brûka slek overalt.

6.

Når vannspringen kjem i ulage t. d. frys- eller vatnet på annan måte vert alt og det er noko lang veg etter vatnet so vert det omlag altid køyrt i tunnor. Og då legg ein eit mindre låk på vatnet for skvolpingi si skuld.

7.

Det er stort sett idag innlagt vatn både i fjos og i kjøkenet. Men vassselen er likevel i brukbar stand dei fleste stader.

801

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

fig 1 Vasssele



fig. 2 nåli



fig 3 vidjeband med trekrok



Vass-sele brûka i Eksingedalen - ut 1800 åri

Nåli set ein i akse på vassselenden og den tenar då som skruingslekk - Vadjebandet med krok vert fest i nålauga.
Er det ein hendig kar som har laga vass-selen, so er den lett og hendig å bera vatn med.

NORSK ETNOLOGICK GRANSKING 801

L. J. N.